Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Beit og Brom

Oppskr. av: M. G. Mikkelsen

(adresse): Helle i Högsfjord

Fylke: Rogaland

Herad: Forsand

Bygdelag: Espedal

Gard: Espedal

G.nr. 48 Br.nr. 11

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Beit hev ikkji vore myckji nytta her i bygdi. Men det hev med gjenom tidi ikkji vore so liti svegingi. Dei treslag som vart nytta var alm og selja.

2. Svegingi gjekk helles fo seg i det små. Veden vart ikkji henta heim. Den som skulde svega gjekk til skags med öks og tag. Han hogge ned greiner frå alm eller selja. Her heitte dette arbeide „Å kjöddla" ein altne eller selje stû. So vart borken „baste" reve av dei tjukkaste greinene so at bevre dei miste kvistane og lauvet vart att. Dette vart lagt saman i kjervar og so lagt på taget til det vart ei bör

3. Det var nör det leid so langt på våren at borken losna på borken og lauvet var kome fram.

4. Det var som eg alt hev sagt öks, men var vegen lang so kunde det berre verta sigd.

5. Det var altid kyrne som fekk sveg. Saû og geit var når so langt framfödd.

6. Då eg ikkji kjenner til at beit hev vore nytta noko sers her i bygdi, då vart det ikkji so myckji å segja om det. Men det

var vanligt når dei vinterdag kjørde heim bjørke-
ris til ved, so vart sauene, visst det var snø
slept ut i rislasset.

7. Nokon seremoni ved noko slag av hjelpefe
eller nokon sers dag i året er ikkje kjend.

1037

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING